

NYNORSKLAGET
Postboks 2360
9271 TROMSØ
e-post: liv@monet.no
Tlf.: 77680806

Tromsø, den 24. mars 2004

Statsråd Valgerd Svarstad Haugland
Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Kultur- og kirke- dep.
KU
22.03.2004
Kund PLK
2004/363-071

KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Innk. 30,3-04

BOKMÅLISERING AV NORSKE STADNAMN

Nynorsklaget viser til arbeidet i departementet med å lage framlegg til revidert lov om stadnamn. Vi er i den samanhengen så frie å be statsråden sikre at lovframlegget ikkje kan føre til ei ny språkpolitisk vending, – ei bokmålisering – i det store og viktige kulturarbeidet som normeringa av stadnamna våre er.

Etter at kronprinsregentens resolusjon om skrivemåten av stadnamn av 31. mai 1957 blei avløyst av noverande lov om stadnamn, har ei stor klagemengda vore hovudargumentet for å gjere endringar i han. Vi vil i den samanhengen peike på manglande faglege utgreiningar i det førebuande lovendringsarbeidet om namnegransking og prinsipp for språkplanlegging.

For det første burde ein ha fått vurdert prinsippet om at namneformene skal følgje skiftande rettskrivingsendringar i begge målformer. Så lenge departementet har lagt framlegga om rettskrivingsendring bort, noko *Nynorsklaget* seier seg vel nøgd med, er dette likevel ikkje noko problem. Men dersom dei skulle bli tekne fram att, vil dei få konsekvensar for stadnamnormeringa – konsekvensar som ikkje er utgreidde.


For det andre har mange av klagenes over namnevedtak sin bakgrunn i motstand mot namneformer som er i samsvar med den nynorske målforma. Det er ofte namneformer som bygger på den *nedervde dialekten*, som møter motstand og fører til klager. I utkastet til lov er det dessverre gjort framlegg om å ta ut nemninga "nedervd" dialekt. Konsekvensane av dette er at bokmåliserte namneformer skal kunne godkjennast i staden for den nedervde språkkulturen. Slik ser i alle fall riksmålssida i språkdebatten det.

For å unngå tvil og dermed klagegrunnlag bør § 4 1 linje 3 i utkastet til ny lov får dette tillegget: "Ved tvilstilfelle i norsk skal rettskrivinga i nynorsk følgjast." Dette er ikkje noko nytt, men ei tilmåting av reglane i kronprinsregentens resolusjon om skrivemåten av stadnamn av 31. mai 1957.

Vi bed med dette statsråden syte for at lovframlegget ikkje fremjar ei bokmålisering av namnverket i landet vårt.

Med vennleg helsing

NYNORSKLAGET


Liv Ingebrigtsen

Kine Hellebust
(sign.)

Steinar Aas
(sign.)